



## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 01.09.2016

**Frå:** **Fylkesrådmannen**

**Til:** **Kontrollutvalet**

### Forvaltningsrevisjon - Læringsmiljø og PP - tenesta

#### Oppfølging av vedtak

Kontrollutvalet gjorde i møte 12.04.16, sak 23/16, slikt vedtak:

1. Notat frå fylkesrådmannen – oppfølging av vedtak, vert teken til vitande
2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om ny status for oppfølging av tilråding nr. 1 i rapporten frå Deloitte innan 1. september 2016.

I kapittel 7 i rapporten anbefaler revisjonen at Sogn og Fjordane fylkeskommune som skuleeigar sett i verk tiltaket:

*Etablerer system som sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppl. § 9a - 4, og har system og rutinar som oppfyller krav til internkontroll slik desse er presisert i rundskriv U.dir - 4 - 2014 .*

#### Fylkesrådmannen si oppfølging av tilrådde tiltak.

Som fylkesrådmannen gjorde greie for i notat til kontrollutvalet 29.03.2016 har ein med utgangspunkt i rundskriv U.dir - 4 - 2014 «Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a» gått igjennom og revidert «kvalitets - og rutinehandbok for opplærings-sektoren». Handboka inneholder rutineskildringar for dei områda § 9a i opplæringslova omhandlar. Kvalitets - og rutinehandboka ligg ute på Portalen/intranett, og er tilgjengeleg for alle tilsette. Handboka blir oppdatert fortøpande i samsvar med endringar i lov og forskrift.

I handboka ligg det «System for oppfølging av dei vidaregåande skulane sitt arbeid med elevane sitt skulemiljø etter opplæringslova § 9a-4 » (vedlegg 1 og 2).

I systemet inngår følgjande:

- Felles system for arbeidet med elevane sitt skulemiljø, med årshjul og sjekkliste (vedlegg 1). Systemet skal ligge på heimesida til skulen, og det skal gjerast kjent for elevar og tilsette kvart år ved skulestart.
- Felles meldeskjema og mal for enkeltvedtak
- Rapportering til årsrapporten for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Årlege skulebesøk
- Årleg utviklingssamtale med rektor
- Årlege resultat frå Elevundersøkinga
- Kvalitets- og rutinehandboka for opplæringssektoren
- Skulane sine krise- og beredskapsplanar

- Årshjul for arbeidet med elevane sitt skolemiljø (vedlegg 1)
- Sjekkliste til bruk på skulebesøk og i utviklingssamtalen med rektor (vedlegg 1)
- Evaluering og revisjon av systemet.

I tillegg til endringane i kvalitets- og rutinehandboka er det i det førre notatet til kontrollutvalet omtala ei rekkje andre tiltak, m.a. skulane sine kriseplanar, som ikkje blir repeterete her. Etter sist handsaming av rapporten i kontrollutvalet har fylkesrådmannen òg tydeleggjort ansvaret til rektor på dei vidaregåande skulane i ansvarsbrevet. Gjennom ansvarsbrevet har fylkesrådmannen eit system for å sikre at alle skulane driv eit kontinuerlig og systematisk arbeid etter oppl. § 9a og at krava til internkontroll er oppfylte. Frå ansvarsbrevet:

### **3. INTERNKONTROLL I 2016**

*Internkontrollen i fylkeskommunen er eit formalisert kontrollsysteem der kontrollaktivitetar blir utforma, gjennomført og følgt opp med basis i vurderingar av risiko for styringssvikt, feil og manglar i verksemda sine arbeidsprosessar. Målet er å etablere ein internkontrollpraksis med effektive rutinar for avdekking og forbetring av avvik.*

*Rektor har ansvaret for å gjennomføre risikovurderinga for sin skule. Dersom ein etter å ha risikovurdert ein arbeidsprosess og tilhøyrande aktivitetar avdekker styringssvikt, feil og manglar som ein ikkje kan leve med, skal det utarbeidast ein handlingsplan med tiltak for å:*

- Redusere sannsynet for at feilen skjer og/eller
- Redusere konsekvensane av feil som likevel måtte skje

*Fylkesdirektøren vil særskilt minne om ansvaret til rektor for å etablere system og rutinar for:*

- å ivareta krava til systematisk og kontinuerleg arbeid med elevane sitt læringsmiljø (opplæringslova § 9a).
- å gjøre enkeltvedtak (inkludert i saker der det ikkje blir sett standpunktcharakter, jf. endring i forskrift til opplæringslova § 3-3).

*Rektor skal òg sikre at internkontrollsysteem til fylkeskommunen er i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§ 4).*

*Fylkesrådmannen legg opp til at internkontrollarbeidet i 2016 vert gjennomført på same måte som i 2015. Fylkesdirektøren vil kome attende til dette arbeidet ved eit seinare høve.*

Det er fylkesrådmannen si vurdering at det ikkje er føremålstenleg å ha eit høgare detaljeringsnivå på rutinar, internkontroll m.m. Eit slikt detaljeringsnivå vil kunne resultere i unødvendig byråkratisering. Fylkesrådmannen brukar tid på rettleiing, ofte i samarbeid med Fylkesmannen, av dei vidaregåande skulane. Det er i denne dialogen at ein tilpassar rutinar og malar til dei einskilde skulane sine behov.

#### **Vedlegg:**

- 1: System for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø etter opplæringslova § 9a-4
- 2: System for oppfølging av dei vidaregåande skulane sitt arbeid med elevane sitt skolemiljø etter opplæringslova § 9a-4